

Velkomne til Sykkylven og til barnekretsturnstemne 2023!



I år er det Sykkylven IL Turn og RG som ønsker dykk velkomne til det tradisjonelle Barnekretsturnstemne. Vi håper de kryssar av i kalendaren og set av helga 3.-4. juni 2023! Vi velg i år å tilby overnatting også frå fredag til laurdag for dei som ønskjer det. Sjølvje stemnet startar laurdag.

Det vil kome meir informasjon og fullstendig program ca. 2 veker før stemne, men her får de mykje av den praktiske informasjonen de treng for å melde dykk på.

Tema for stemneprisen i år er «**Land i verda**»

Sykkylven har mange aktivitetar å by på, og vi ønsker å vise fram eit utval av desse gjennom ulike workshop. Merk: Det vil bli tid til éin workshop per gymnast. I påmeldinga kan ein legge inn 2 ønsker om workshop, men vi kan ikkje garantere at alle vil få eitt av sine ønsker oppfylt.

- *Orientering*. Ein idrett der ein til fots og ved hjelp av kart og kompass skal ta seg raskast mogleg fram gjennom eit terreng frå start til mål via fleire kontrollpostar. Viktig at deltakarane har med klede og kler seg etter forholda. Dette går naturlegvis føre seg ute i vår flotte natur.

- *E-sport og anna speleaktivitet på Høbben* (<https://www.hobben.no/>), ungdommen sin nye samlingsstad i bygda vår. Denne workshopen har eit maks tal på deltakarar på ca 25 stk.

- Innebandy i Storhallen. Sykkylven har et godt miljø innan innebandy, både for junior, damer og herrer. Fokus vil vere grunnleggjande teknikk og spel. Maks tal på deltakarar er ca 20 stk.
- *Klatring i Hundeidvik Arena* (<https://hundeidvik.no/klatring-3/>). Nødvendig utstyr vil bli tildelt, og det vil bli sett opp buss til hallen. For at det ikkje skal bli for mykje venting, og med begrensa tid, er maks tal på deltakarar på denne aktiviteten satt til 10-12 stk.
- *Discgolf/ Frisbeegolf i Velledalen*, utandørs bane. Nødvendig utstyr vil bli tildelt, og det blir sett opp buss til bana. Maks tal på deltakarar er 40 stk.
- *Yoga eller Fellesdans* med instruktør.
- *Trampett-kurs* i Storhallen.
- *CrossFit*. For halvanna år sidan fekk Sykkylven sitt eige Crossfit-senter. Crossfit passar for alle! Alle øvingar og økter kan tilpassast den einkilde. CrossFit er ei treningsform med konstant varierte, funksjonelle rørsler utført med høg intensitet. Maks tal på deltakarar er 20 stk



- *Bading v/ Ikornnes Friluftsbad* (<https://www.ekornesmarina.com/friluftsbad.html>). Alle må ha med eigne badekle og håndkle, og evt. anna nødvendig badeutstyr. Det vert sett opp buss.

Program Barnekretsturnstemne Sykkylven 2023

Merk: det kan verte endringar. Oppdatert program vil bli ettersendt.



Fredag 2.juni


frå kl 18 Oppmøte, innkvartering og registrering
frå kl 19 Servering av pizza

Laurdag 3.juni

Kl 8:30 Frukost for overnattande gjestar (fredag – laurdag)
Kl 10:00 – 11:30 Oppmøte, innkvartering og registrering
Kl 12:00 Oppstilling til turntoget v/ Storhallen (Rute: Storhallen –
Sentrum – Kaitrappa – Storgata – Storhallen)
Kl 13:00 – 13:30 Lunsj (matpakke, frukt, juice/smoothie)
Kl 13:30 – 15:30 Workshops
Kl 16:30 – SALTO-konkurransse
Kl 18:30 – Middag (45 minutt per gruppe dersom det er behov for å dele
opp)
Kl 20:00 – 22:00 Underhaldning i hallen, frileik
Kl 23:00 Stille

Søndag 4.juni

Kl 8:00 – 10:00 Frukost
Kl 8:00 – 12:00 Trening (fordeling av tid i hallen per klubb kjem seinare)
Kl 11:00 – 11:30 Lagleiarmøte
Kl 12:45 Innmarsj. Velkomne – presentasjon av laga
Kl 13:00 Stemnestart
Ca Kl 16:00 Stemneslutt

**Prisar:**

Deltakaravgift ALLE MÅ BETALE DET (inkluderer trening- t-skjorte og medalje)	kr 300 per person
Overnatting fredag – laurdag (inkluderer pizza, frokost)	kr 200 per person
Overnatting laurdag – søndag (inkluderer 2*lunsj, middag, frukost, workshop, hyggekveld)	kr 450 per person
Stemnepris	Kr 300 per klubb
Show og framsyning	Kr 300 per show
Særtropp	Kr 100 per klubb
Saltokonkurranse	Kr 100 per person

Fristar:

31. mars 2023 Bindande påmelding.

Påmelding via vedlagt skjema, faktura for betaling vil bli ettersendt.

30. april 2023 Send inn valg av tema/Land til stemneprisen

15. mai 2023 Send inn utstyrsliste til bruk i programma

E-post: sykkylven.turn@gmail.com

Hugs!

- Påmelding må innehalde namn, fødselsår til alle deltakarane, evt. allergiar og kontaktinformasjon på «svarsar»
- Namn på kontaktpersonar, telefonnummer og e-postadresse til desse
- Vi ønsker å vite kva gymnastar som har vore med på 7 turnstemne eller meir, då vi ønsker å lese opp namna deira på stemnet søndag. Årsmedaljar må de bestille sjølve.

Dersom de har spørsmål, ta gjerne kontakt med leiar i SIL turn og RG, Marit Eide Lunde.
Mobil: 99 46 56 85. E-post: sykkylven.turn@gmail.com